



Travel kantor i jubileumsåret

Namn: Lars Ragnvaldsen
Alder: 61
Yrke: Kantor
Adresse: Stanghelle

■ Mi helg

Dale Mannskor held jubileumskonsert i helga. Som dirigent tyder vel dette ei travel helg for deg?

— Ja. Me øvde fredag kveld, og i dag startar me øvinga klokka 15.30, og litt seinare skal me øva med Marianne Juvik Sæbo. Ho er svært oppteken, så me har berre øvd saman med henne ein gong tidlegare. Konserten startar kl. 18.00 og me held det gåande halvannen time. Deretter vert det samkome for koret.

Er det mange helgar som går med til koret i jubileumsåret?

— Det kan du trygt seia. Me skal ha ei rekkje konsertar helgane utover året, m.a. fleire jubileumskonsertar og me skal arrangera Hordastemnet.

Kva gjer du ei vanleg helg?

— Mykje går med til førebuing til gudsteneste søndag. Skal det vera kor med, øver me som regel laurdagen. Framover vert det nok mange bryllaup i kyrkjene, og det er jo ekstra kjekt.

Korleis ser ei draumehelg ut for deg?

— Ei draumehelg er ei av dei få helgane der eg og familien har fri. Då reiser me gjerne til hytta i Bergsdalen i finværet. Eller til Klokkarvik på Sotra, der familien min har rotene. Elles likar eg å fylla solpanelet om vinteren – gjerne på cruise i Middelhavet. Ei helg med barneborna er kjekt.

Kva les du i helgene?

— Eg les mange aviser; lokalavisene, BA, Bergens Tidende og VG. Eg er ofte trøyt om kveldane, så eg les ikkje så mange bøker som eg gjerne skulle. Eg har slite meg gjennom ei krimbok sidan nyttår. Den heiter «Falsk identitet», og er skriven av Yasmin Cresswell.

Kva ser du helst på fjernsyn i helgene?

— Eg likar å sjå på sport. Ein god krim får eg òg gjerne med meg. Og kyrkjelege program, om eg er heime når desse vert sende.


Kva optek deg elles?

— At lokalsamfunnet skal vera trygt og godt for den oppveksande slekta. Rettferd mellom folk, og at det vert mindre misunning mellom folk. Eg fylgjer med på det som skjer ute i verda, og er også oppteken av at statskyrkja ikkje skal verda oppløyst.

ØRJAN BRATTETVEIT | tekst
obr@avisahordaland.no

Testsystemet som skal fanga opp synsvanskar hjå born er for grovmaske, meiner optometrist Alf Opheim jr. Han ser ofte døme på at sjølv små synsvanskar kan skapa store problem i skulekvardagen.

Lesevegring kan vera synsproblem



MOTTAKELG: Det gjev ei kvalitetsforbetring i skulen, når ein set augo i stand til å ta imot læring. Då lyt synet grundig undersøkt, meiner Alf Opheim jr.

— Kompetanseheving i skulen er eit sentralt politisk tema. Då meiner me at synet er ein viktig del. Kvaliteten på synskontrollane kan gjerast betre. Ein Sintef-rapport konkluderer med at synet har vesentleg meir å seia når det gjeld læring, enn det ein tidlegare har trudd. Sjølv små synsfeil kan skapa store problem for mange, seier synsspesialist Alf Opheim jr.

Urolege born

Ved synssenteret som Alf Opheim jr driv saman med far og syster, får dei ofte inn born som slit på skulen.

— Born som slit med lesing og konsentrasjon, finn meistringsmetodar. Dei let vera å lesa, dei finn på tull og tøys, dei held heller på med fysisk aktivitet. Det gjeld mest gutar, som er litt «hyper» — som kan «sjå godt» dvs. skarpt, men som ikkje orkar å lesa. Bokstavane hoppar og dansar, dei byter plass eller byter linjer, eleven gnir seg i augo, vert trøyt og ukonsentrert og tankane fyk vekk, det klør i kroppen og dei vert eit uromoment i klassen, forklarar Opheim.

Det treng sjølv sagt ikkje vera samanheng mellom synsfeil og andre plager. Men i ein del tilfelle finn optikarane gjerne litt langsyntheit, litt skeive hornhinner og litt skjegling. Ikkje nok til å gå inn og korrigera. Men når det gjeld synet på nært hald, kan det visa lite akkomodasjon (evna til å zooma inn) og dårleg fusjon/samsyn (samansmelting av dei to augebileta).

Betre læring

Dette kan korrigera med briller, slik at bokstavane ser større ut og står rolegare på plass, og slik at elevane vert meir konsentrerte.

— Godt fungerande augo med godt samsyn aukar evna til å lesa lenge og gjev betre lærevilkår. Det vert ei kvalitetsforbetring i skulen når ein set augo i stand til å ta imot læring, meiner Alf Opheim jr.



TEST: Camilla Skjervheim (9) slit med lesinga, og foreldra har snakka med både skule og logoped. Sistnemnde føreslo at dei tok Camilla med til Opheim på Voss til ein grundig synstest. Alf Opheim jr finn fleire små synsfeil som kan vera skuld i Camilla sine lesevanskar.

Han ser at born og unge sine synsvanskar i mange tilfelle kan vera eit skjult handikap. I staden for at synet vert undersøkt og retta opp, er det «biverknaden», framferda til elevane, som får reaksjonar.

— Då vert PPT med pedagogar, psykologar og logopedar henta inn. Dette er fagfolk det er viktig å trekkja inn, men føresetnaden er først å vita at augo fungerer optimalt. Spesialpedagogiske tiltak i skulen kostar mykje. Om me som synsspesialistar kunne ha kome inn for å forebyggja, ville det spart AS Noreg mange millionar. Det ville ha gjort skuledagen betre for borna, foreldre og lærarar vart nøgde, og det ville medverka til eit kunnskapsløft i landet, trur Alf Opheim jr.

Lesepress

Både synsskarpeit og synskomfort er viktig for konsentrasjon og lærevilkår.

Alt frå første skuledag bør ein kjenna seg trygg på at borna ser godt, eller at dei får dei synshjelpemidla som trengst. Mange oppdagar ikkje synsvanskane før dei kjem i 4.-5. klasse — når lesepresset aukar.

— Skulehelsetenesta gjer så godt dei kan, men dei har ikkje dei beste vilkåra for å avdekka desse tinga. Testsystemet er for grovmaske, meiner Opheim.

Hans syn på forholdet mellom lærevanskar og synsproblem, vart i januar omtala i magasinet Mat & Helse. Og i april skal Opheim halda foredrag på Landsmøtet i Norges Optikerforbund. Alf Opheim har også sendt innspel til Sosial- og Helsedirektoratet. Der

omtalar han det som eit folkehelseproblem at dagens system er for dårleg til å fanga opp synsvanskar.

Innvendingar

Lokalt ynskjer Opheim å få til eit samarbeid mellom synsspesialistar og kommunehelsetenesta, slik at ein sikrar at skuleborn ikkje slit med lesing og skriving i årevis — berre fordi dei ikkje har blitt grundig nok synstesta.

Optikarfamilien Opheim sine måle- og korreksjonsmetodar når det gjeld samsyn, har tilhengjerar mellom nøgde pasientar, men har også møtt kritikk og innvendingar frå augelegar.

— Det handlar om profesjonsstrid, og at somme trur me berre går rett på ein metode. Men me brukar alle grunnleggjande målingar og metodar først. Alle kjem ikkje ut med samsynproblematikk og prismebriller, understrekar Alf Opheim jr.

ANNE RIVENES | tekst
SJUR HERRE | foto
redaksjon@avisahordaland.no

Ser samanheng mellom syn og lesing

SINTEF: Born med lesevanskar eller lesevegring bør gjennomgå ei grundig synsundersøking.

Sintef sine konklusjonar frå prosjektet «Syn og lesing hos elevar i grunnskulen», er mellom anna at born med lesevanskar bør til grundig synsundersøking. Og at ein hjå born med lesevanskar bør vera meir liberal med å korrigera små brytningsavvik, spesielt langsyntheit og eventuelt også latent skjegling. Ein bør også vera liberal når det gjeld utprøving av eigne lesebriller, og det er tilrådd å bruka større skrift eventuelt auka avstand mellom orda.

Sidan det ikkje er gjennomført studiar for å undersøka effekten av desse tiltaka, er tilrådingane å sjå på som tentative (forsøksvise). Studiet starta opp i 1999 og gjekk over eit par år.

Sintef fann at elevar som prestere dårlegare på ein standardisert lesetest, oftare har latent skjegling på nært hald, litt dårlegare skarpsyn på nært hald og litt dårlegare fokuseringsevne. Synsfunksjonen kan altså vera ein

medverkande faktor for lese-/skriveveikskap.

Teikn og signal ein lærar bør vera merksam på hjå elevar, er vegring mot lesing, unormal blinking/mysing, rapportering av svie og kløe i augo, lukkar (eller held handa framfor) eit auga ved lesing, problem med å finna neste linje ved lesing og hyppig hovudverk.

Prosjektet «Syn og lesing hos elevar i grunnskulen» viste også at den synshelsekontrollen som kan foretakast av skulehelsetenesta åleine, svært sjeldan vil kunna avdekka ein mogeleg samanheng mellom lese- og skriveveikskap og synsfunksjonen. Ei synstegreining av lese-/skrivevake elevar bør difor basera på ei meir detaljert undersøking føreteke av autorisert augehelsepersonell (optikar eller augelege).

Då bør det nyttast nyserte testar for samsyn og forhold kring synsfunksjonen på nært hald, skriv Sintef i sin slutt rapport.

ANNE RIVENES | tekst
ar@avisahordaland.no